

Manglar 25 frivillige.

31.07.2017



Onsdag kl.18 er det frivilligsamling. Bilete frå samlinga i fjor.

Dei som styrer frivilligruppa melder om at det no berre manglar 25 frivillige for at kabalen er i boks. Dermed ligg ein helst bra an, men det er viktig at desse kjem på plass så fort som mogeleg. Derfor er det no sendt ut brev til alle frivillige om å verva ein venn og få premie etter kor mange ein vervar.

Dei ledige oppgåvene er i matbod, ved inngang, i frivilligteltet, vakthald på område og på camp. Alle vaktene er på laurdagen. Det går sjølvsagt også fint å melda seg utan å verta verva. Då tar ein kontakt med Mona (489 94 337), Lene (415 17 746) eller Elisabeth i frivilligruppa, eller ein kan melda seg via reistrerings skjema på www.festidalen.no.

Det vert premie til alle som vervar ein eller fleire frillige. Dette gjeld fram til det er fullbemanna. Alle som vervar nokon, må få den som melder seg, til å skrive vervaren sitt namn i merknadssfeltet på registreringskjemaet.

Den som vervar 1, kan velga mellom Festidalen solbriller, caps eller nett
Den som vervar 2, kan velga mellom Festidalen T-skjorte eller sydvest
Den som vervar 3, får Festidalen hettejakke.

Frivilligruppa minner samtidig om informasjonsmøtet og frivilligsamlinga på Dønhauglåven på onsdag 2.august kl.18. Her må ein hugsa å melda seg på.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Festidalen